

Økonomisk sosialhjelp – sikringsnett eller springbrett?

«Det å få økonomisk sosialhjelp sikrar ikkje midlar til nødvendig livsopphald over lang tid, utan monalege tilleggsytingar.»

Nær fem prosent av befolkninga får til kvar tid økonomisk sosialhjelp. I aldersgruppa 18–24 år er det så mykje som ti prosent som får slik hjelp. Det er altså ei stor gruppe som er avhengig av at ordningane blir praktiserte forsvarleg.

Statens helsetilsyn har overordna fagleg tilsynsansvar med forvaltninga av økonomisk sosialhjelp (økonomisk stønad etter kapittel 5 i sosialtenestelova). Ansvaret fører med seg at tilsynsorganet skal følgje med på korleis kommunane praktiserer ordninga, med særleg vekt på å avdekkje område der det er fare for svikt, og om svikt har uheldige konsekvensar for brukarane. I tillegg har fylkesmannen mynde til å avgjere konkrete klagesaker. Fylkesmannen har ikkje heimel til å føre direkte tilsyn med korleis kommunane praktiserer økonomisk sosialhjelp, slik som med andre delar av sosialtenesta.

Statens helsetilsyn har gjennomført ein kunnskaps- gjennomgang på området. Vi konstaterer forskjellar mellom kommunane både i satsar og i faktisk utmåling av økonomisk sosialhjelp. Dette kan tyde på at levekåra for sosialhjelpsmottakarar avheng av kvar dei bur, og vi stiller spørsmål om somme kommunar yter uforsvarleg låge satsar.

Vi er urolege for at terskelen for å søkje økonomisk sosialhjelp er så høg at ikkje alle som treng det, får slik stønad. Det gir grunn til å spørje om kommunane har rutinar for å sikre at sosialhjelpa er tilgjengeleg.

Økonomisk sosialhjelp skal vere ei korttidsyting. Derfor er summen som blir utbetalt kvar månad, lågare enn i ordningar for meir langvarig inntekts-sikring. Det er likevel eit betydeleg tal personar som får ytinga over lang tid. Mange av desse treng koordinerte sosial- og helsetenester, og dei står ofte langt frå arbeidslivet. Barn og unge i familiar som er langtidsmottakarar, er ei sårbar gruppe som det viser seg vanskeleg å skjermje frå fattigdommen. Det å få økonomisk sosialhjelp sikrar ikkje midlar til nødvendig livsopphald over lang tid, utan monalege tilleggsytingar. Vi meiner at det må sikrast andre løysingar for personar som treng stønad over lengre tid.

Mange unge mottakarar av økonomisk sosialhjelp er tidlegare barnevernsbarn. Dei utgjør ei anna sårbar gruppe. Forsking viser at denne gruppa har eit dårleg utgangspunkt for å bli integrert i arbeidslivet. Dette gir ein dårleg start på vaksenlivet.

Retten til å klage på forvaltningsvedtak er ein viktig rettstryggleiksgaranti, men klagefrekvensen blant sosialhjelpsmottakarar er låg, mellom ein og to prosent. Vi veit ikkje grunnen, men går ut ifrå at det ikkje berre er fordi dei som får økonomisk sosialhjelp, er nøgde med ytingane.

Vi meiner at rettstryggleiken for brukarane er for dårleg teken vare på i det regelverket som gjeld i dag. Tilsyn styrkjer rettstryggleiken. Statens helsetilsyn har derfor ved fleire høve argumentert for at internkontrollplikta bør utvidast til å gjelde kapittel 5 i sosialtenestelova, og for at Fylkesmannen får ansvar for å føre tilsyn med korleis kommunane forvaltar økonomisk sosialhjelp.

Økonomisk sosialhjelp er omtala som «sikringsnett» i samfunnet. Eit meir ambisiøst bilete er «springbrett» – som ein ikkje sit fast i, der opphaldet er kortvarig, og som gir god sats. Eit vilkår for at dette skal vere eit dekkjande bilete og fortene nemninga økonomisk sosialhjelp, er at ytinga blir følgd av råd, rettleiing og tett oppfølging frå ei førstelinje med solid sosialfagleg kompetanse – også inn i NAV.